Til FT-sak 46/16: Revidert forskrift for dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta

Høyringssvar

Fylkestinget vedtok i sak 25/16 at Sogn og Fjordane fylkeskommune skal revidere forskrifta for dekking av skyssutgifter for pasientar i den offentlege tannhelsetenesta. Fylkestinget vedtok samtidig at ordninga skal innrettast slik at ho kjem pasientane som må reise oftast og lengst til gode etter strukturvedtaket i tannhelsetenesta.

Fylkeskommunen la framlegg til endra forskrift ut på offentleg høyring i perioden 15. november til 30. november. Det kom inn eitt høyringssvar – dette frå fylkesrådet for eldre. Uttalen frå dette rådet har slik ordlyd:

> ***«Fylkesrådet for eldre har ynskje om at tannhelseordninga skal kome under frikortordninga for eldre over 70 år. Det er uheldig at ledsagar ikkje får dekka tapt arbeidsforteneste».***